Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Samnanger

Emne: Tradisjoner, Tro og Segner omkr. Jeger og Jaktdyr | Bygdelag. Nordbygdi

Oppskr. av: Johs. J. Nordbø | Gard: Steinsvik

(adresse): Årland, Samnanger. | G.nr. 20 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja. – Kor mykje ein jegar kunde drepa var det vel ingen regel for, dei fleste drap vel det dei hadde høve til. Men ingen måtte skjota på sovande eller kvilande dyr.
Om ein skyttar t.d. kom over ein rev som låg og sov, so måtte skyttaren fyrst vekja reven før han skaut på han.

2. Har ikkje høyrt noko om det.

3. For ein del år sidan var det det vanleg regel at ingen måtte gå på jakt sundagen. No er det ingen som tenkjer på det meir.

4. Skadeskotne dyr måtte avlivast snarast råd.

5. Har ikkje høyrt noko om det.

6. Det var ting som varsla både vont og godt. Møtte skyttaren t.d. ein svart katt før han kom om bøgarden so kunde han godt snu og gå heimatt. Men var katten grå, so kunde han halda fram på turen.

7. Har ingen ting høyrt om det. – Skyttaren hadde

16833

vil som regel rett på heile dyret.

9. Ukjent.
10. — " —
11. — " —
12. — " —
13. — " —
14. Det var nok nytta fleire måtar til å skræma villdyri. Men den mest vanlege var nok å gjera upp eld. Det var vanleg då eg var gut å gjera „Stølseld" den kvelden kyrne skulde „leggjast ute". Det var då om å gjera at det vart so mykje røyk som råd, eld var det mindre av.
Denne skikken, med „Stølseld" helt seg fram mot år 1920. Etter den tid trur eg ikkje at denne skikken har vore nytta her.
Stølselden var nok tenkt til å skræma rovdyri burt frå buskapen.

15. Ukjent.
16. Har ikkje høyrt noko om det.
17. ——— " ———
18. ——— " ———
19. ——— " ———
20. Det var mykje brukt å merkja fjøsdører, og vegger, med +. (Desse + var nok og tenkt som vern mot mot tussar og troll, som det i gamal tid var ei mengd av.)
Eg kan minnast desse + merki i gamle fjøsdører. No er dei visst burte alle stader.
21. Nei.
22. Ukjent.
23. Ja, det var nok dei som trudde det.
24. ——— " ———
25. Ja. Korleis det vart gjort har eg ikkje høyrt noko om. Men det var vanleg tru at det

16833
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var folk som kunde taudra. Slike måtte ein akta seg vel for å koma for ner.

26. Ja, det var vanleg tru at ein kunde gjera det.

27. Ja, det var nok ymse råder.
Nils Lauvskar fortel i bygdeboki „Samnanger" om ei vanleg råd. „Når ein hadde fått skjemt kyrsk skulde ein gjera det ein trong i henne, og so gjera ho rein etterpå, og då var kyrsa heilt bra att".

28. Ukjent.

29. Bestemor mi, som var fødd i 1845, fortalde at då ho var ei gjenta på 11-12 år, vart siste bjørnen, som ho kjende til, skoten i fjellet her. Ho fortalde ho såg denne bjørnen. Men noko meir kan eg ikkje minnast at ho fortalde om bjørnen.
Det er soleis godt og vel 100 år sidan det har vore bjørn i fjelli her.
Når det sist var ulv her, har eg ikkje høyrt noko om. Men det er truleg noko lengre tid sidan.

30. Det auka nokso mykje med rev under siste krigen, det synte og på tapi av lam. Ein kan vel seia at ein har mykje att av reven enno. Det har truleg ikkje minka mykje på han ~~enno~~, for rev er her nokso mykje av. Men forige år hadde me ein jerv i fjelli her. Han drap ikkje so rett lite smale. Denne jerven var i fjelli her forige vinter. Men seinare er det ingen som har sett noko til han. Han

16833

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

har truleg trakt til andre kantar. Men kan vel koma att.

Av andre rovdyr som er her kan nemnast Oter. Han er av og til stygg til å drepa smale. Men oter er det ikkje noko stor mengde av.

16533
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING